

Varhaug Misjonshus



Minikoret 30 år



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Innhald:

Andakt
Hurra for deg
Følgde med ungane
Godt å koma til Varhaug

Side 5
Side 6-7
Side 8-9
Side 12-13

Min sang
Julemesser
Refleksjonar frå ein utflytta
Møtekalender 2015/16

Side 15
Side 16-19
Side 22-23
Side 24-25



BØEN STORKIOSK

SPILL OG KIOSKVARER

Ta en pause og nyt av vårt
rikholdige tilbud
på små-retter som
Pizza • Biff-snadder
Løvstektallerken

TIPPING



Chicken Nuggets
Kylling m/ tilbehør
Hamburger • Pita • Bakervarer

*Større bestillinger kan også
leveres etter avtale
Henvendelse til Kine i butikken,
51 43 00 99*

Bohus®

Velkommen til vårt flotte varehus på Håland, Bryne

Åpningstider: man.-fred. 10.00-19.00
lørdag 10.00-15.00

Tlf. 51 77 84 40 • www.bohus.no

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• **SERVICE** • **DELER**
• **REPRASJONER**



FØREMÅL MED HUSET ER:

ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

2 - 2015

27. ÅRGANG

Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:

Steinar Ånestad

Mob: 902 02 902

Det Norske Misjonsselskap

Formann:

Njål Omland

Mob: 916 89 177

Normisjon

Formann:

Dagfrid Bekkeheien Skrettingland

Tlf: 415 32 652

Indremisjonsforbundet

Formann:

Tor Selmer Olsen

Mob: 470 31 136

<http://www.varhaug-misjonshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.

Tlf: 51 43 08 08

E-mail adresse:

post@varhaug-misjonshus.no

Postadresse:

Pb 103

4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag kl

1900-2100 (Om sommaren 15/5-15/8 er

opningstid 2000-2100)

Kommentarer/innlegg til bladet:

E-mail:

redaksjonen@varhaug-misjonshus.no

Tlf. 90058503

Frå redaksjonen

Når dette bladet vert delt ut til alle husstander på Varhaug, så er det julemessetid, og då er det kort tid til juleutstillingane i forretningane lyser mot oss.

Alle aktiviter og møter er start opp etter ferien, og i dette nummer fokuserer me på Minikoret som har feira 30 års-jubileum.

Elles har me intervjuet eit par nye familiar som har flytta til Varhaug, familien Nesvåg som har flytta frå Sokndal, og familien Austnaberg som kjem frå Lye. Håvard Austnaberg vaks opp på Madagaskar, og speidarane på Varhaug støtta foreldra sitt misjonsarbeid for NMS på Madagaskar med «Gå Ut-aksjonen i mange år på på 80- og 90-talet.

Me har ikkje berre vore i kontakt med nokre som flytter hit, men og frå nokre som har flytta vekk frå Varhaug. Arne Lie som vaks opp her på på 50- og 60-talet, og som nå har hus og heim på Gol i Hallingdal. Martha og Tide Ekroll bur nå i Peru og er lærarar ved den norske skulen i Arequipa.

Julemessene vert dette året i veke 46, 13.-14. november for Misjonssambandet, og veke 47, 20.-21. november for Misjonsselskapet. Normisjon har si julemesse på Vigrestad i veke 45, 5.-7. november.

Torbjør Honnemyr har gitt oss utfordringa: Våg å være gjestfri, og Karin Lerbekk har vore på Nærland og truffe Edosje som har flykta frå Etiopia. Karin har spurt Grethe Honnemyr som kjenner fleire av flyktningane som sit i mottaket på Nærland: Korleis kan me gjera det lettare for innvandrane? Må me vera spesielle personar for å hjelpe? Innvandrane vil gjerne ha kontakt. Det er enkelt å gi pengar, men det kostar meir å setja seg i bilen og henta nokon til basar, sundagsskule eller minikor. Misjonsmarka er rett rundt døra vår, ser me henne?

Vi syng jula inn søndag 13. desember. Då stiller alle songkora i lag med korpset. Følg med på oppslag og annonsar framover. På nettsida til misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no ligg det god oversikt over program og planlagde ting framover.

Kontortida på Misjonshuset er nå mandag og torsdag kl 20-21. Ta kontakt på tlf. 51430808.

Elles så går det fint å bruka internett, gå inn på nettsida til Misjonshuset sjekk kor tid det er ledig, og send ein E-mail til post@varhaug-misjonshus.no Postadressa er: Postboks 103, 4368 Varhaug.

For redaksjonen:

Per Åge Skretting

Redaktør

I redaksjonen: Sjur Håland, Einar Matingsdal, Njål Omland, Steinar Ånestad og Per Åge Skretting.

Tema Varhaug Misjonshus 2015: HÅP



butikken

– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varhaug
Tlf. 51 77 14 70
Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14



Murmester

Waldeland & Dubland AS

Alt i mur-, puss- og flisarbeid
Tlf: 992 50 989
Epost: post@waldeland-dubland.no



HÅ REGNSKAP AS

Autorisert regnskapsførerselskap

Daglig leder Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 • E- mail: runeo@hrd.no

KJÆRNEBORING



EGIL HÅLAND 4360 VARHAUG • Tlf. 51 43 04 94 •
Mobil 416 99 617 / 944 07 800 • www.Toppaland.com

Me treng TOMTER

Ta kontakt for en uforpliktende vurdering
av muligheter og pris

NORGESHUS

Varhaug



BYGGMESTER
**Jon Harald
Håland a.s**



Varhaug, tlf. 51 43 07 70 • jonharald@norgeshus.no

- fagkunnskap gir trygghet



EL-TEAM

Elektroentreprenør



Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40

E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net

HAUCK

PORTSERVICE AS

A: Varhaug - Opstavn. 623 - N: www.hauck.no
T:+47 51 43 05 66 - F:+47 51 43 13 55

SKAL DU GRAVE?

KONTAKT

ERLING AUESTAD

MASKINENTREPENØR
VARHAUG

Alt innen graving

Tlf. 51430878

Mobil. 97197815



ANDAKT

av Arne Lie

Vi liker å sjå på bilete. Vi tek villig fram apparatet vårt og viser bilete av barn og barnebarn.

Og i etterkant av sommarferien har vi bilete vi vil vise frå opplevingar vi har hatt.

Det er gode bilete. Varme bilete. Rolege bilete. Bilete som gir fred i sinnet.

Ikkje alle bilete er slik. TVèn er eit sterkt medium for bilete. Ofte flimrar biletene og skaper uro. Røyndommen kan vere hard og brutal. Biletene gjer noko med oss.

Eit bilete har festa seg på netthinna. Eit barn ligg livlaust på stranda, med joggesko og klede på. Foreldrene er borte. Det er heilt åleine. Eit offer for krig og flyktningesituasjon.

Det smertar å sjå dette bilete. Det gjer inntrykk. Den minste av dei minste blir ramma.

Ingen kan vere uberørt av det som skjer i Syria, av det som skjer på overfylte tog, av det som skjer langs landevegen med flyktningar på vandring.

Eit anna bilete kjem på netthinna. Det heng på veggen i stova heime i Hallingdal. Bilete har vi arva frå far og mor. Alle som var på vitjing heime i prestebustaden på Varhaug, kunne sjå det.


Det hadde ein sentral plass. Det er eit bilete av Jesus. Blikket hans er festa oppover. Vi ser hendene hans. Den eine handa vert gjennomlyst av lys ovanfrå. Den er nesten gjennomsynleg. Den andre handa løfter seg mot oss. Begge hendene ber naglemerker med seg. Det er den oppstadne Kristus som velsignar.

Det er eit varmt bilete. Det er eit bilete som gir fred i sinnet og fred i heimen.

Som kristne har vi bilete av Jesus i oss. Vi ber det med oss. Vi er teikna med dette bilete i dåpen. Trua har levendegjort dette bilete. Dei gode gjerningane har gjort bilete synleg for andre. Dette bilete sender ut fred til alle som kjempar med urolege bilete.

Alle flimrande og flagrande bilete finn fred gjennom bilete av Jesus.

To vers frå Johannesevangeliet kapittel 1 vil eg halde fram andakten med, vers 14 og 18:



«Og vi såg hans herlegdom,

ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning.» og «Ingen har nokon gong sett Gud, men den einborne, som er Gud, og som er i fanget til Far, han har synt oss kven han er.»

Desse versa fortel oss noko om kven Jesus er. Han er Gud. Og som Gud er , er han full av nåde og sanning. Jesus kom for å gå Guds ærend. Jesus kom for å gi verda nåde og sanning.

Jesus var bilete av Gud. Dette bilete treng verda for å kome til tru og bli frelst. Dette bilete må vi løfte høgt, så verda kan sjå. Midt mellom alle urolege bilete så treng vi eitt bilete som lindrar og lækjer og gjer heilt.

Bilete av Jesus er klart og tydeleg. Det er skarpt og har tydeleg fokus. Vi ser det i Bibelen.

Vi ser det når vi samlast om Guds ord til gudstenester og møter. Det er fylt til randa av nåde og sanning. Vi skal få møte Han med våre liv, med våre forsømingar og våre bekymringar.

Gud vil møte oss med nåde og fred. Det er mest ikkje til å tru!

Bilete av tre-åringen ved stranda og Kristus-bilete heime i stova. Dei to biletene høyrer saman. Jesus brydde seg om dei minste og vil at vi skal gjere det same: «Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.»

Jesus brydde seg med alle nødlidande og sjuke, alle fattige og utstøytte, alle enkjer og farlause. Jesus sitt liv var eit liv i omsorg for andre. Jesus brydde seg med barna og gjorde dei til dei største i Guds rike.

Bilete av Jesus motiverer til nestekjærleik, til omsorg for flyktningar, huslause og landlause, dei som er fattige på alt.

Bilete av Jesus motiverer til misjon: *“Alle, alle må se den herlige frelser jeg eier-”*



Hurra for deg!



Foto: Asle Haukland

Mandag 4. mai var ein stor dag for Minikoret. Då fekk me endeleg feira 30-års jubileum.

Denne dagen hadde me gleda oss lenge til og det var mange spente koristar som fekk utdelt nye blå t-skjorter og heliumsballonger før bursdagsfesten byrja. Inngangsprosesjon og ballongslepp var åpninga på festen, og me fortsatte med ein konsert med innleia band for anledninga. Møtesalen var fullpakka av gjester, og me hadde besøk av klovnen Tulliball som hadde både andakt og trylleshow for oss. I tillegg var ordførar Mons Skrettingland gjest og hadde helsing til oss. Dette syns

HELING FRÅ STYRET

7



Nå er hausten her, og nå tenkjer styret på misjonshusbasaren. Denne er på programmet kvar haust og er svært viktig for drifta av Misjonshuset. Ellers så er vi i byrjinga av oktober og det meste har starta opp igjen etter sommeren. Fleire kor og lovsangsgrupper er i gang med øvinger kvar veke. Ellers så er jo Frø's og ungdomslaget i full aktivitet. Det er fint å sjå at det er mange ungdommar som trivst på Huset. Tida går så fort at det er snart julemessetid igjen. Julemessene er alltid godt besøkte, og det er alltid mykje fint å kjøpa med seg heim.

Håper at alle som er innom Huset legg merke til at det skjer forskjellige ting med diverse golv, vegger og tak. Det er eit resultat av at me har ein vaktmester (Terje Skretting) som kan ta diverse oppussingar og vedlikehald kontinuerlig. Dette set me i styret verkeleg pris på. Me håper andre og ser dette!

Tusen takk for alt som vert gjort for Misjonshuset og takk til alle som stiller opp på ting når me spør om hjelp.

Helsing Styret.

me var stor stas! På ein slik fest syns me det høvde seg å invitera alle tidlegare koristar og leiarar, og sjølvsagt Gudrun Tora Husveg som heidarsgjest. Det var ho som for 30 år sidan var pådrivar for å starte Minikoret, og det er henne og alle dei tidlegare leiarane og koristane me har å takke for at Minikoret fortsatt eksisterar i beste velgåande.

Me vil i denne anledninga få takke alle som var med på å sponse festen. Alt frå jubileumskake, brus og blomster til heliumsgass fekk me, samt flotte pengegaver frå fleire bedrifter på Varhaug. Tusen takk for all støtte! Tusen takk og til alle som var med å bidrog med praktiske oppgåver på sjølve festen!

Minikoret øvar kvar mandag kl 17.15-17.50 på Varhaug Misjonshus. Alle barn frå fem år til og med fjerde klasse er hjarteleg velkomne til å vera med på sang, leik og moro!

Lars Gaute Sport
sport 1

VARHAUG 51 43 28 80

NÆRBØ 51 43 43 10

Følgde etter ungane

Kva gjer du når ungane veks til og flyttar frå bygda? Flytter etter så klart!

Tekst og foto: Sjur Håland



Eit stykke ut i livet har mange av oss slått rot. Røtene kan vera djupe. Berre tanken på å flytta frå heim og nettverk kan verka skræmmande. Aud Torunn og Svein Jakob Nesvåg er ikkje lettskræmde. I fjor sommar pakka dei det dei hadde samla i gjennom 34 års samliv i grå pappøskjer. 15. mai 2014 kjøpte dei hus på Varhaug og i september flytte frå grenda Nesvåg i Sokndal til Jæren.

- Me har flytt frå utkanten til sentrum, seier dei to.

Pussar opp

Det er ein tidleg haustkveld i fredelege Ringvegen på Varhaug med både vindstille og opphaldsvêr. Det er kanskje grunnen til at det ikkje er naudsynt å manøvrera etter GPS for å finna fram til rette adressa for ein som lett kjem på ville vegar i framande byggefelt i eiga bygd. Det er råd å finna fram ved å følgja lyden frå hylande batteridrillar og taktfaste hammerslag.

- Me har innreia eit bad, no pussar me opp kjøkkenet, forklarar Svein Jakob medan han helsar på og synar veg inn i stova der kona, Aud Torunn, ventar. - Sjå her, seier ho begeistra og peikar ut stovevindauga mot ein solnedgang i havet som sjølv ein Varhaug-bu kan bli fascinert av. - Me var heldige og fekk kjøpt eit hus i eit byggefelt med ein fantastisk utsikt, seier Aud Torunn.

Reparerer trål

Etter militærtjeneste og bibelskule arbeidde Svein Jakob Nesvåg fleire år som fiskar. Så flytte han på land. Men han la ikkje frå seg fiskereiskapen. Hjø Egersund Trål handlar arbeidet om å reparera og å laga nye trålar til små og store fiskebåtar. Her er han framleis på post med lange og intense arbeidsdagar innimellom rolegare periodar.

Møttest på Ognatun

Ho er fødd og oppvaksen i Volda på Sunnmøre. Mange jærbuar har møtt Aud Torunn på leir på Ognatun, der ho var barne- og ungdomsarbeider i mange år. Det var også her ho møtte ein av leirleiarane, Svein Jakob. Aud Torunn fylte 62 år i fjor. Etter mange år i barnehage nytta ho høvet til å førtidspensjonera seg akkurat i det belet dei planlagde flytteoperasjonen frå Nesvåg til Varhaug. Her bur dottera Bente saman med mannen og fire barn. Dei har i tillegg ein son som bur på Halsnøy med sin familie og ein son i Sandnes. Ved å flytta til Varhaug har Aud Torunn og Svein Jakob kome nærare alle barna, dermed kan dei treffast oftare enn dei ville gjort om basen hadde vore i Nesvåg.

Positive Varhaug

Men korleis er det for to godt vaksne å flytta til Varhaug av alle stadar?

- Ei udelt positiv oppleving så langt, seier dei to. Folk er ulike. Me er ikkje redde for å ta initiativ i møte med framandfolk. Så er vi i tillegg blitt kjent med mange frå Varhaug opp gjennom åra. Ognatun har vore ein sentral plass for oss, og der har me blitt kjent med mange jærbuar, fortel dei.

To dagar etter huskjøpet i Ringvegen var dei til stades på 17. mai-feiringa på Varhaug. I

folkemengda i Varhaughallen vart dei sitjande med eit par dei aldri hadde treft før som inviterte dei med til festen på Misjonshuset om kvelden.

Blir inkludert

- I mellom arrangementa vart vi inviterte heim til dei to. Å bli møtt på ein slik måte er rett og slett fantastisk, seier dei og fortel om liknande episodar i møte med Varhaug-buar det siste året. - Enkelte har fått nådegåver som handlar om inkludering. Å bli inkludert slik vi har blitt, er noko vi set veldig stor pris på.

Aud Torunn har blitt med i Finnmarksforeininga Nordlys på Varhaug, ho går på dametrim i Idrettshallen og på organisert tur kvar måndag, medan Svein Jakob har blitt med i ImF si mannsforeining i bygda.

Kristen styrke

Å vera tilflyttar betyr også å la seg inkludera, understrekar dei to. - Me kan ikkje venta at folk skal koma til oss.

Aud Torunn og Svein Jakob er kristne. Å oppsøkja det kristne fellesskapet i bygda, kyrkja og Misjonshuset, var naturleg.

- Det er ein styrke å vera kristen og å ha eit fellesskap å gå til. Det gjeld også når ein er på flyttefot.

Styret i ungdomslaget 2015/16



Framme f.v.:
Ingrid Omland,
Marte Hauge
Auestad,
Birte Skretting,
Anne Eltervåg,
Marie Hauge
Auestad

Bak f.v.:
Kenneth Aarsland,
Håvard Varhaug,
Birger Kydland,

Ikke med på bildet:
Johannes Bø
Tomine Nord-
Varhaug

Jæren Gulv AS

TEPPER - GULVBELEGG - PARKETT - MALING

Lerbrekk, Varhaug • Tlf. 916 88 922 • www.jaerengulv.com

JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG - OLJESERVICE



TLF.: 917 00 827 - VARHAUG

Sentrum Salongen

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 11 02

Er du fornøyd - er vi fornøyd



Bestill time på nett.
Scan QR koden og kom rett til
bestillingssiden. Eller gå inn på :

www.ledigtime.no/sentrumsalongen



SPAR

SPAR VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36 - Fax. 51 43 00 19

E-post: spar.varhaug@ngbutik.net

Opningstider 08.00 - 21.00 (18.00)

Haaland Bilverksted

Opstadvegen 647 - 4360 Varhaug

Telefon: 90 50 65 66

MCA
CAR SERVICE

MCA
CAR SERVICE

T. SKRETTING MASKINSTASJON

Dysjalsandsvegen, 4360 Varhaug


Trond Skretting

mob. 906 80 143

mob. 975 54 681 (Erik)

trond@tskretting.no

www.tskretting.no



Regnskapsfirmaet på Jæren

post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66

Pb. 210, 4349 BRYNE



www.jarok.no NARF

Familie- og lærerliv i Peru

Her er vi i Peru, og etter godt 14 måneder her ute kan vi si at vi trives veldig godt. Vi bor i Arequipa «den hvite byen» på ca 2200 moh. Vi har allerede opplevd mye nytt og spennende, og håper det er litt igjen å glede seg til før vi reiser hjem. Vi savner Norge, absolutt, men mye besøk fra familie og venner hjelper på. Det hjelper også å få påfyll av viktige næringsmidler (les: makrell i tomat, brunost og troika) som vi ikke får tak i her ute.

Familien står først, for til hverdags er det i grunnen et ganske vanlig familieliv vi lever her. Små og store barn skal opp, kles på, krangles med, mates og sendes i barnehage. Barnevakta til Miriam skal komme på tida så vi kan komme oss på jobb.

Ja, for vi har jo blitt en mer i familien etter at vi reiste fra Norge. Miriam var bare med i magen på flyturen over Atlanteren. Hun ble født 2 dager før jul på et sykehus her i Arequipa. Legen til Marta mente absolutt at vi måtte få babyen før jul, spesielt med tanke på at Martas foreldre var her, så fødselen ble satt i gang på terminato. Miriam er en særdeles blid, skjønn og blåøyd peruaner, som vekker mye oppsikt og godord uansett hvor hun ferdes. Ungene får i det hele tatt mye oppmerksomhet på grunn av lyst år og blå øyne. Det er for det meste moro, men Simone og Kaleb kan til tider synest det er litt slitsomt med blick og kommentarer. «Å så skjønn baby», «Se de øynene!» «Å, kan jeg få håret ditt?»

Kaleb går i en peruansk barnehage. Alt foregår på spansk, men det går også en del andre misjonærbarn der, så han er ikke den eneste norske. Hver morgen blir han hentet av barnehagebussen og på ettermiddagen må han gjøre lekser, som regel å fargelegge en figur eller klippe og lime noe.

Simone gikk i samme barnehage til juli, men nå går hun på førskole som holder til på Den Norske Skolen.

På søndagene går vi på gudstjeneste i en menighet som heter Sion – en av åtte menigheter her i



Arequipa i kirka misjonen jobber inn mot. Her går barna på søndagsskole når det er tale for de voksne – og så får de en slikkepinne når det er ferdig.

Språket går bedre og bedre selv om det er langt igjen til at vi kan føre dype samtaler på spansk. Vi har jobb på norsk – dermed får vi praktisert spansken for lite til daglig

I august var Marta og Miriam var på kvinneweekend i Crucero 4250 moh. Der fikk de kjenne kulda på kroppen. Det var nesten minusgrader inne på hotellrommet. Det var likevel en fantastisk opplevelse med hundrevis av alpakaer som gikk og beita ved siden av husene, hardbarka kald natur og nydelige folk. Vi misjonærer ble utrolig godt tatt imot. Det var tydelig at det ble satt pris på at vi tok den lange turen for å være sammen med dem. Miriam ble ekstra godt tatt imot og gikk fra fang til fang hele helga.

Jobben vår er på Den Norske Skolen her i Arequipa. Nå har vi 9 elever fra 1. til 8. klasse. Tide er rektor og har i tillegg en del undervisning, mens Marta er lærer i 50% stilling. I tillegg til oss to er det to andre lærere ved skolen. En norsk ettåring (voluntør) har også funnet veien hit og hjelper til i forhold til barna, både på førskolen og i fritida. I skolebygget er det også to danske elever som har danske voluntører som står for deres skolegang.

VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsvn. 14, 4360 Varhaug
Mob. 41 27 66 79

Timebestilling / telefon 51 43 13 69

Godt å koma til Varhaug

Irene Slettebø Austnaberg og Håvard Austnaberg busette seg på Varhaug i 2013. Veterinæren og fysioterapeuten har funne seg til rette. I sommar kom Edle og dei to vart til tre.

Tekst og foto: Sjur Håland



Håvard Austnaberg veit ikkje at han som har avtalt å treffa dei er oppvaksten 350 meter frå der dei bur. Difor står han ute i feltet og dirigerer meg inn i rett tun. Det er ein veldig grei måte å bli motteken på. Håvard Austnaberg veit kor viktig det er å bli godt motteken.

Bur i beitemark

Området i Tjemslandshagen på Varhaug har endra seg sidan skrivaren var der sist. Den gongen var tomte beitemark for kyrne til Sverre Mikkelsen Haaland, eventuelt kan det ha vore hagen til rektor Rannestad eller presten, Lars Olai Lie. No har beitemarka for lengst blitt til bustadfelt, som krev logisk sans og vake blikk for å finna rett veg inn til det rette husnummeret.

Håvard Austnaberg kjenner best Lyefjell, der han kjem frå. Han kan ikkje vita om rektor Rannestad eller dei andre som budde i nærmiljøet i 1970. Han er for ung. Og han er ny på Varhaug.

- Kom inn, seier han og dirigerer meg vidare på plass i sofaen medan han spring på kjøkken og raslar friskt med kringlefatet og kaffikanna.

Lekegrind i stova

- Torer eg spørja om alder, spør eg, og freistar å vera kledeleg diskret.

- Me er fødde i 1987. Ho i mars, eg i november. Det blir gullfint det året me rundar 40, humrar Håvard og plasserer krus, tunge som treningsmanualar, på salongbordet.

Midt på stovetovet står ei grøn lekematte, som for ein som falt av småbarnlasset sist på 90-talet minnar meir om kommandosenteret i ein bemanna romstasjon.

Irene er i eit anna rom med dottera Edle.
- *Det er mattid, forklarar han.*

Sommaren til Irene Slettebø Austnaberg og Håvard Austnaberg har handla om dottera Edle. Ho er deira førstefødde og kom til verda 3. juli. Far til Håvard, Hans Austnaberg, er prest. Det var han som i si tid vigde Irene og Håvard, og som i sommar døypte Edle.

- *Stor stas og sterke opplevingar, summerer Håvard og set seg ned i sofaen på ein måte som er godt for ryggen. Håvard er fysioterapeut. Han har også eit årsstudie i KRL i ryggsekken.*

Veterinær og bondejente

Irene er utdanna veterinær og bondejente frå Bjerkreim. Ho og Håvard møttest på Sagavoll i 2007 og har halde saman sidan. I februar 2013 flytte paret til Varhaug. Ho praktiserer som veterinær gjennom Varhaug veterinærkontor, medan han har sitt arbeid hos LHL si rehabiliteringseining på Nærland.

- *Eg likar folk og trivst blant kollegane på Nærland, seier Håvard.*

Irene er kjent med både bønder og husdyr frå før. Å praktisera veterinærutdanninga med produksjonsdyrpraksis betyr lange vakter og tøffe tak når sjuke dyr i bås og i bingar skal behandlast. Yrkestittelen praktiserande dyrlege er ein draum som er oppnådd og ein plan som er realisert.

- *Bøndene er veldig greie, påpeikar ho.*

Likar aktivitet

Men før lange kortisonsprøyter og latex-hansker blir ein del av kvardagen, ventar eit år med barselpermisjon. Edle kjem ikkje til å vera mykje i romstasjonen. Friluftsliv freistar meir.

Irene og Håvard har hund som må luftast. I tillegg likar også dei å vera i aktivitet. Jogging, sykling og symjing står gjerne på programmet.

- *Edle var med på sin første topptur sist helg. Det blir nok fleire, seier dei to.*

Blir sett

Kristent fellesskap er meir enn teori for Irene og Håvard. Bygda Varhaug er ein god plass i så måte, erfarer dei to. Håvard er med i styret for arrangementet «Sundag», begge er med i ei husgruppe, medan Irene i tillegg går i ei foreining. Kva misjon som er linka til dei ulike arrangementa er ikkje så viktig.

- *Me har same trua. Det er godt å kunna samlast på tvers av organisasjonslivet. Her opplever me at Varhaug Misjonshus er ein flott arena. Å koma saman med andre om Guds ord på «Sundag» har blitt veldig viktig for oss.*

Irene og Håvard ønskjer å få fram at dei er takksame for måten dei har blitt møtt på. Både i bygda og på Misjonshuset.

- *Det tok ikkje lang tid før me vart invitert med. Det er tydeleg at folk ser oss som er nye, det betyr enormt mykje for oss.*

Rogaland Bildeler a/s



www.rogalandbildeler.no

Biloppugging og stort delelager.

Ytre Torvhusv., 4370 EGRSUND

TLF: 51 49 49 50

FAKS: 51 49 49 60

rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!



SI.BYGG
30 år på Jæren
MESTERHUS – det blir som avtalt



ARHAUG
HAARMEFRISØR

Brit Jane Varhaug
 Einervegen 3
 Tlf.: 51430757

BYGGMESTER
O d m u n d
VAGLE 

Tlf 47 63 62 02
 Ånestadvegen 292 - 4360 Varhaug



N·R·E
 Nærbø Rør og Elektro

ALT INNEN
VVS OG
ELEKTRISKE
INSTALLASJONER

Installasjon tlf. 51 79 11 20
 VAKTTELEFON ELEKTRO: 977 67 070

ahsell
 Bademiljø

Rør tlf. 51 79 11 25
 VAKTTELEFON RØR: 930 19 400

HUS • TILBYGG • REPARASJONER
 Be om pristilbud på arbeid og materialer




Lobekk Bygg A/S

Svein Lobekk
 Tlf.: 51 43 09 99
 Mobil: 90 92 98 87



Erik Håland Maskin A/S
 Telefon 51 43 12 99 • Telefax 51 43 10 85
 Mobil 970 55 500

Leverandør av trelast og bygningsartikler



PARTNER TRE

TRELAST OG BYGGEVARER
ENGROS
 Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærbo
 Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

Min sang

Då eg vart spurt om å dele ein av mine sanger var det mange å velge blant. Det er mange vakre sanger som kan tale rett inn i livet, og som kan sette ord på noko som me sjølv kanskje ikkje alltid har så mange ord for. Ein av sangane som har tona mykje i meg i siste tida er denne:

Å, for djup i Jesu kjærleik
 Utan grenser, botnlaus, fri.
 Som ei mektig havsens bylgja,
 Har han løynt mi syndetid.
 Over, under, rundt omkring meg
 Er hans sterke kjærleiks straum
 Driv meg frem imot mitt heimland,
 Dyre, fagre framtidsdraum.

Å, for djup i Jesu kjærleik!
 Sprei hans pris frå hav til hav!
 Kor han elsker ALLE, ALLE
 Kallar syndarar frå grav
 Kor han vaktar sine kjære
 Som han kjøpte med sitt blod.
 Kor han bed for veike vener
 Sender kraft og trøyst og mod!

Å, for djup i Jesu kjærleik!
 Ingen stad eg kviler so.
 Som eit mektig hav av signing,
 Som ei hamn av fred og ro!
 Å, for djup i Jesu kjærleik!
 Der min himmels himmel er.
 Mine lengsler stig mot trona,
 Mine augo lammet ser.

Det er denne kjærleiken me er oppfordra å visa og dela med våre medmenneske, enten dei står oss nær eller ikkje. Vær du ein som viser omtanke og velvilje! Ein som ser og bryr seg om andre. Ein som kan gå nokre steg saman med ein annan. Ein som kan trøste og hjelpe og ein som er villig til å bruke tida si saman med andre. Du skal få oppleve å kjenne ei rik og djup glede tilbake!



Magnhild Ueland



Det Norske
Misjonsselskap

BROBYGGER | ORD OG HANDLING

Kom og vær med på NMS julemesse 20. og 21. november

Når tida er komen for NMS si julemesse går det verkeleg opp for ein at jula er på veg. Sidan mange kjem igjen år etter år trur me at messa vert opplevd som triveleg, god og meningsfull, noko som er viktig for oss. I år vert messa helga før 1. søndag i advent med fylgjande program:

FREDAG

18.00 Kveldsmat.

Gryterett, kaffi, kaker m.m.

19.00 Møte v/studiesjef ved Misjonshøgskolen, Kristin Fjelde Tjelle og Hananja.

Kafé og varesal etter møtet.
Åretrekning ca kl 20.45.



Kristin Fjelde Tjelle har vore misjonær i Japan og har arbeida ved NMS, Stavanger. Ho er nå studiesjef ved Misjonshøgskolen i Stavanger.

LAURDAG

11.00 Møte v/regionleiar for NMS Stavanger
Evy Torunn Nyvoll og Varhaug
Ungdomskor.

Kafé og varesal etter møtet.
Åretrekning ca kl 13.00.

13.30 Familiemøte v/Evy Torunn Nyvoll og
Yngreskoret.

Hovudtrekning og barneutlodding.



Evy Torunn Nyvoll har vore i NMS mesteparten av sitt yrkesaktive live, både som misjonær i Brasil og i ulike stillingar i Noreg. Ho har vore regionleiar sidan våren 2015.

Det er mange som dreg i lag for å få i stand messa med lefsebaking, skaffing av gevinstar, lagning av pyntegrønt, loddsal og mykje anna. Når me kjem til messehelga er det mykje å gjera for matkomitéen, og mange bidreg med matvarer. Takk til alle som er med på dette.

Me vert glade for alle som kjem!

Julemesse

Vigrestad Misjonshus



Barnet i krybben var Jesus.
Han kom fra Guds himmel til oss.
Ja, Gud holdt sitt ord
og gleden ble stor.
Takk Gud, at du sendte oss Jesus.

Fredag 6. november

kl. 19.00

Tale av Gjermund Lygre

Sang av Siembra

Lørdag 7. november

kl. 11.00

Andakt av Gjermund Lygre

**Song av Vigrestad Soul
Children**

kl. 14.00 : BASAR

Andakt av Gjermund Lygre

Barnetrekning

**Hovedtrekning : Bunad, sykkel,
bålpanne m.m.**

Fredag:

*Kafeteria med salg av
gryterett, pølser, kaker
m.m*

*Åresalg og trekning av
fruktkorger og kaker.
Tipp vekta på stor
fruktkorg*

Varesalg:

*Småkaker, mykje fint
håndarbeid ,smalaføde,
egg og grønnsaker m.m.*

Lørdag

*Kafeteria med salg av
graut, smørbrød, kaker,
nysteikte lapper m.m*

Tipp vekta på fenålår

Lagebord for barna

*Åresalg og trekning av
fruktkorger og kaker.*

*Ansiktsmaling, popcorn
og lynlotteri*

Varesalg

*Småkaker, mykje fint
håndarbeid smalaføde,
egg og grønnsaker m.m.*

Barne-og hovedtrekning

Arrangør: Normisjonforeningar på Vigrestad, Varhaug og Nærbø



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Velkommen til NLM si julemesse 2015 på Varhaug Misjonshus 13. og 14. november!



FREDAG 13 NOVEMBER

Kl. 17.45 Dørene opnar.

Sal av gryterett, kaker og kaffi.

Kl. 19.00 Møte. Tale Georg Mork

Song Klepp Soulchildren

Etter møtet vert det sal av varer og open
kafeteria.

Åretrekning

LAURDAG 14 NOVEMBER

Kl. 11.00 Møte

Tale Georg Mork

Sal av varer og kafeteria med middag, graut
kaker og kaffi. Åretrekning.

Kl .14.00 Møte kl. 14.00

Tale Georg Mork

Song minikoret.

Hovudtrekning, barnetrekning og trekning
leikehytte og gavekort.



KAY'S

BETONGSAGING

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver

Maria Aareskjold Tegneservice

Tlf. 51 43 05 59
 Fax. 51 43 70 05
 Mobil. 911 04 662
 E-post: amaria@online.no
 Postboks 110, 4368 VARHAUG

Nybygg - Tilbygg - Rehabilitering

Rikdom å få hjelpa andre

Misjonsmarka er i ditt nabolag. – Gje eit smil eller nikk til dei som du møter på din veg, oppmodar Grethe Honnemyr. Edosje har flykta frå Etiopia til Norge. Ho er ei av dei mange som garantert smilar tilbake.

Tekst og foto: Karin Lerbrekk



Som dei fleste av oss veit, bur det mange folk på asylmottaket på Nærland. Dei har kanskje ulik bakgrunn, religion og hudfarge, men alle har reist frå heimlandet sitt til noko nytt og ukjent, og alle deler vona om å få lov å busetja seg i Norge. I mellomtida bur dei “ i koffert “ medan dei ventar på utfallet av si sak.

Etiopisk kaffi

Grethe Honnemyr er ei eldsjel for mange av dei som bur på mottaket, og ein fin laurdag føremiddag er me to som får vera med henne dit. Allereie på utsida av huset ønsker kaffilukta oss velkomne. Grethe er tydeleg kjent og snakkar med den eine og den andre på veg opp trappene dit me skal. Me vert helsa velkommen inn av mor Edosje og sonen Samuel, 10 år. Dei deler to rom, som fungerer som stove, kjøkken og soverom, praktisk og koseleg møblert med sofa, eit lite glasskap til koppar og tallerkar, ein skrivepult til Samuel og skulebøkene, og seng til dei begge. Bad og toalett deler dei med fleire andre familiar. Mor sit på golvet og kokar kaffi. Kaffi, ja, det er viktig. Ein tradisjon mor Edosje tok med seg frå Etiopia, og som betyr mykje for henne.

Det startar med å brenna grøne kaffibønner, noko ho klok av skade gjer på eit større felles-

kjøkken for å unngå å utløysa brannalarmen i sitt vesle stovekjøkken. Deretter må kaffien malast før ho kokar han i ei spesiell kanne på ei spesiell plate i stova si. Det er her den gode eimen kjem frå. I tillegg varmar ho eit kolstykke tilsett røykjelse for å få den rette, lune stemninga, slik ho hugsar frå Etiopia. Første servering er sterk, og det må vera både melk og sukker oppi. Nytt vatn vert etterfylt, og viss laget er godt og drøset like eins, kan etterfylling av vatn skje både fire og fem gonger, med tilsvarende svakare kaffi pr gong.

Ven og syster

Me kjenner oss velkomne, nippar til kaffien og smakar på den tradisjonelle serveringa attåt som består av ei blanding av rista korn, erter og solsikkefrø, og popkorn i ei anna skål. Alt må vera rikeleg etter etiopisk tradisjon, dei små koppene er breiddfulle av velsmakande drikke. Samstundes ser og høyrer me at Grethe er ein god og viktig person her. Det går på norsk, engelsk og amharisk. Som Edosje seier:
- *Ho er min ven og syster. Eg kjenner ein del norske, men Grethe er best, ho betyr mykje og bryr seg om alle.*

Norge er annleis

Me lurar på korleis det er å vera etiopiar i Norge.

- Er det kaldt her?
 - Kva vêret angår - ja! Mellommenneskeleg
 - etter fire år "på vent" begynner ho å verte van med at dei norske verken helsar eller ser ein inn i augene når ein treffest. Det er ulikt frå heimlandet hennar. Ein annan ting ho er van med, er å dela på mat og kaffi. Det fører til at det stundom vert vanskeleg å eta på felleskjøkkenet ilag med mange andre. Når ein har lite å dela, kan det verta eit problem, så ho og sonen et helst i si eiga stove. Elles er det uvant for henne at eldre sit aleine her, gjerne i eit stort hus. Heime er det alltid nokon som er ilag med dei eldre, dei byter gjerne på å ta seg av sine. Ho saknar familien og landet sitt. Ho har flykta, og kan ikkje ha kontakt med nokon heime. Det er fred i Etiopia, men lite fridom om ein er usamd med dei som styrer.

Kristentrua betyr alt

Dagane her kan nok kjennast lange, spesielt for Edosje som ikkje har lov å gå på skule eller arbeida. Det er kjedeleg å ikkje ha noko å gjera. Å gå på tur verkar uvant for henne, sjøl om ho ser at det gjer dei norske. Det kjem nokre norske damer til mottaket og har strikkeklubb ein gong pr mnd. Elles er det givande å delta på gudsteneste både i Nærbø kyrkje, Bryne frikyrkje og på Sandnes, der det er gudsteneste på hennar eige morsmål. Men det er lange avstandar og mykje ver på Jæren, så ho er avhengig av velvillige folk som kan skyssa hit og dit. På mottaket er det eit bønerom, men der er mest menn, og det kjennest litt vanskeleg for damene å gå der. Den kristne trua betyr alt for Edosje.

- Når eg har Jesus, er eg rik, seier ho.

Alle kan hjelpa

Samuel har fleire jern i elden. Han går på skule, og kjenner seg inkludert. Nokre foreldre stiller gjerne opp og hentar han til handball, fotball eller kino. Det er ikkje vanskeleg å tenkja seg at det kan verta knapt med pengar for ei aleinemor utan arbeid når me kjenner at ulike aktivitetar stundom grev djupt i ei velhalden, norsk lommebok.

- Korleis kan vår kyrkje gjera det lettare for innvandrarane? Må me vera spesielle personar for å hjelpa?

- Nei, skyt Grethe kjapt inn. - Gi eit smil og eit nikk når du treffer nokon langs vegen eller på butikken, det er sikkert femti personar som bur på Varhaug, ein treng ikkje reisa til mottaket for å finna dei. Innvandrarane vil gjerne ha kontakt. Det er enkelt å gi pengar, men det kostar meir å bli kjent med innvandrarane her i Norge, be dei heim eller ta dei med seg på misjonshuset. Misjonsmarka er rundt døra vår viss me vil sjå henne.

Treng leksehjelp

Å senda våre eigne ungar til mottaket i barneselskap, kan kjennast utrygt. Grethe har fleire gonger arrangert barneselskap for eit innvandrarbarn i si stove av den grunn. Eit flott tiltak. Eit anna tips til hjelp er å ringja til mottaket og snakka med personalet der. Kanskje du kan gi leksehjelp til nokon? Det er mange mindreårige som treng ei mor eller ein far eller søsken ei lita stund. Me har det travelt med mykje, men viss me set av litt tid, vert me garantert rikare.

- Det gir påfyll i kvardagen, seier Grethe. Me spør Edosje om ho tykkjer nordmenn har det travelt.

- Ja, til og med Grethe av og til, smiler ho.

BETONGELEMENTER

til driftsbygninger, redskapshus, grunnmurer, yrkesbygg m.m.



HÅ ELEMENT A/S

Postboks 71 - 4368 Varhaug - Tlf. 51 79 86 90 • Telefax 51 79 86 91

R. SKRETTHING A/S

KJØTTFORRETNING
 DELIKATESSE
 SELSKAPSMAT


4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



Refleksjonar frå ein utflytta Jærbu

Eg er blitt spurd av min gode ven, Per-Åge Skretting, om å kome med nokre refleksjonar over ungdomstida mi på Varhaug.

Av Arne Lie



Ev.: Arne Lie, Morten Kravik og Per Åge Skretting på tur i Israel.

Korleis var det å vere ung på Varhaug i 1960-åra?

Utan TV og CD-år. Utan data og internett..

Så sant eg kan minnast var aktiviteten konsentrert om to plassar: Idrettsplassen og Misjonshuset. Før vi var konfirmerte, kunne fotball og yngres kombinerast. Men etter at vi var konfirmerte, måtte dei fleste av oss velge mellom fotball og dansefestar på Idrettshuset, og Ungdomslaget og Musikklaget på Misjonshuset.

Det var ein veg som gjekk til Idrettshuset. Ein annan veg til Misjonshuset.

Det var tydelege forskjellar den gongen der einsidigheten fekk utfalde seg.

På idrettshuset dansing og drikking, og ikkje sjeldan slagsmål. På Misjonshuset forkynning av synd og heilagt alvor, med bøn og vitnemål.

Ein av dei få som klarte å føre desse to livsstilane i kontakt med kvarandre var min far, Lars Olai Lie, som var prest i bygda i over tredve år. Eg vil aldri gløyme då han foretok den offisielle innviinga av det nye idrettsanlegget. Og han stemte i salmen av Elias Blix over høgtaleranlegget: «Med Jesus vil eg fara på livsens ferd i lag-«

Der og då var eg nok flau over far og spent på folk sine reaksjonar. Etter innviinga var det friidrettsstemne med folk som Bjørn Bue på 400 meter, seinare biskop i Stavanger, med Tor Obrestad på mellomdistanse, seinare kjent forfattar og journalist.

Inn i dette tydelege og avgjorte miljøet oppstod speidararbeidet på Varhaug. Det var i året 1950. Vi hadde hatt krigsåra med vekkjingar. Og lekmannsmiljøet og dei kristne organisasjonane stod sterkt. Eg veit at far som

prest fekk ei kjølig mottaking hos fleire som var knytta til dette miljøet. Dei var skeptiske og kritiske til den nye presten. Det skulle endre seg. Speidararbeidet var noko nytt for Varhaug.

Her fekk spelet og leiken rom, konkurransar og utfordringar fekk plass.

Her skulle vi lære kameratskap og arbeide saman i patrulje og tropp.

Her skulle vi lære å ferdast i naturen og klare oss under enkle forhold.

Her var heile mennesket med, ånd, sjel og lekam.

Men aldri var vi i tvil om kva som var grunnlaget for speidararbeidet.

Det var høgtid då Andrew Skaar heldt andakt, flagget rulla ut, mens vi sang: «Fagert er landet du oss gav.»

Misjonshuset vart ein heim for meg. Ein tilfluktstad. Heimen vår opplevde mykje sjukdom den tida eg var tenåring. Det var godt å kome heimafrå og vere i den gode atmosfæren som Misjonshuset representerte. Krossen på frontveggen i det gamle Misjonshuset har følgt meg i mi teneste som prest. Reagerte eg ikkje på noko? Jau visst! Nidkjærheten og einsrettinga kunne bli i strengaste laget. Men eg var så heldig å kome på innsida. Og tida mi som lærar på Bibelskulen Bildøy, hjalp meg til å forstå betre miljøet på bedehusa. Eg forstod den gode viljen. Med gudsteneste i kyrkja søndag

føremiddag og misjonsfest på Misjonshuset søndag kveld fekk eg ein modell for livet som har prega meg.

Kva med livet utanfor det kristelege? Eg måtte velje bort idretten. Eg tok joggeturar i staden. Kva med natur og kultur? Kva med friluft og kulturelle opplevingar?

Dei færraste gjekk søndagstur den gongen. Det var ikkje lagt til rette med turstiar i skog og mark. Dårleg var det med filmar på kinoar. Ikkje alle fekk lov å gå dit. Då TVèn kom i heimane i byrjinga av -60-talet, kom filmen inn i heimane.

Det er i dei seinare ti-åra kulturarbeid har fått ein kraftig oppsving.

For ein som sit på utsida og har gjort det i mange år, har eg notert aktiviteten rundt Hå gamle prestegard, med mange interessante utstillingar. Eg har også prøvd meg på sykkel på Jæren. Nordsjøvegen gir ei heilt spesiell oppleving av havkulturen. Varhaug gamle kyrkjegard er ei perle og fortel ein heilt spesiell historie.

4.oktober var eg invitert til Varhaug kyrkje. 50-års konfirmant. Dessverre måtte eg melde avbud på grunn av bryllup i nær familie. Eg kjenner på at eg har røter til Jæren. Her vart grunnlaget lagt. Her fekk eg grunnleggjande verdiar som vil følgje meg livet ut.

Gol 24.september 2015

Du finner oss på nettet:

The screenshot shows the website for Varhaug Misjonshus. The header includes the title "Varhaug Misjonshus" and a date "Tema 2013: INP". Below the header is a large image of the building. A navigation menu is visible with links: Hjem, Kontakt oss, Meleplan, Sondag, Kor, Ungdom, Barn, Misjonsorganisasjoner, Foreninger og lag, Om Misjonshuset. A dropdown menu is open under "Kontakt oss", showing options: "Bestilling av Misjonshuset", "Forslagskasse", "Barnesemne", "Ønsker å bli kontaktet", "Kontakt Webredaksjonen", and "Frister ved bestilling av misjonshuset". On the right side, there is a section titled "Kva skjer:" with a list of events: "Årsmøte Varhaug Misjonslag NIM" (23.02.2015 kl. 19:00 - 22:00), "Humblebolet" (24.02.2015 kl. 10:00 - 12:00), "Bibeltimer" (24.02. - 26.02.2015 kl. 19:30), and "Sundlagsskule" (02.03.2015 kl. 10:00 - 11:00).

www.varhaug-misjonshus.no

I denne søte julemessetid

Av Sjur Håland

Det skjedde i dei dagar då forkynnaren Arne Aano og Leif Hjelleset kom til Varhaug. Det var forresten ikkje i dei dagar, det var ein dag, og det var endåtil ein måndag.

Måndag 29. november 1976 vart det som truleg var den første NLM-julemessa arrangert på Varhaug Misjonshus. Møtetidene vitnar om ei anna tid. På Varhaug kunne det gjennomførast arrangement midt på måndagen i 1976. Folk i Dublandsfeltet og i Herrebyen gjekk sjølv sagt på arbeid, men svært mange fleire Varhaug-buar hadde sitt arbeid i fjøs og grisehus den gongen, dessutan var mødrene heime med ungane, og ville meir enn gjerne få eit avbrekk i mørketida med den vidgjetne sangevangelisten frå Sauda, Arne Aano. Messa starta klokka 13,00. Barnemøtet tok til klokka 16,00, medan kveldsmøtet starta då eit kveldsmøte høyrer til å starta, klokka 19,30. Sharp. LP-plater, kassetar og bøker var å få kjøpt, i tillegg til «orientalske» varer og handarbeid produsert under meir lokale himmelstrok.

Redaktøren av dette utmerka tidsskriftet, Per Åge Skretting, har invitert meg til å skriva om julemessene på Varhaug, dersom eg skulle få eit høveleg raptus. Vel, raptus har eg nærast konstant, men julemessene ligg litt i periferien. Eg var 14 år i 1976 og til tider oppteken av anna enn Arne Aano og orientalske varer.

Dermed har eg ein del hol i hukommelsen når det gjeld dei første julemessene. Men eg er kjent med at det i heimen hjå Oddny og Torfinn på Ueland i dei dagar føregjekk storskala-tekstilproduksjon av blant anna kjeledressar til ungar i vekene før julemessa. For yngre lesarar kan det vera greitt å avklara at dette var før Reimatec og andre impregnerte kunstfiberplagg revolusjonerte kledekomforten til våre minste. Desse gjæve pre-Reima dressanne gjekk unna på julemessene og konkurrerte i popularitet med heimestrikka halvsokkar og heile såpestykke frå Hong-Kong.

Torfinn var ikkje med og sydde. Han var handlangar for foreiningskonene og før i skytteltrafikk i stasjonsvogna mellom Ueland og IT (kledebutikken på Varhaug) for å halde lageret av glidelåsar og knappar intakt slik at ikkje konene vart sitjande med hendene i fanget. Foreiningskoner sit som kjent ikkje med hendene i fanget.

Historia om NLM og NMS sine julemesser på Varhaug krev djupdykk i arkiverte protokollar og intervjuar med sentrale misjonsentusiastar og får ligga på vent. Oddny og Torfinn og NLM er alt nemnde. Eg kan nemna to namn til for å balansera litt mellom misjonane: Odd Aanestad og Ole Moi var blant pionerane for NMS.

Julemessene på Varhaug har vore varme og julestemningsskapande lyspunkt i mørketida i kring 40 år. Motivasjonen til misjonen har sjølv sagt vore å samla inn pengar til evangelisering og misjonsprosjekt verda rundt. Her har bygda følgd opp og sprengt innsamlingsrekordar og budsjett år etter år. Folk har grove gåvmildt og djupt i seteltaskene og kjøpt årer, lodd og trefigurar frå orienten. Gode bygdefolk har vunne lokale Lotto-premiar som fuglebrett, miniatyrstabbur og heimebakte sirupsnippar frå Skretting. Dei har kjøpt lefse frå messebakeria på Auestad og Tjemsland, saman med gravpynt frå Husveg og kålrabi frå Høg-Jæren.

Julemessene på Misjonshuset har vore åstad for alvor og skøy. Her har forkynning, gilde vitnesbyrd, og gladsang frå generasjonar av barnekor blanda seg med med toneskalaspregjande korpsmusikk frå like mange generasjonar uniformerte korpsmusikantar.

Gourmetkokken Hellstrøm var knapt ferdig med militærtentesta då folk på Varhaug kunne entra julemessene og få kjøpt seg førjuls-matmåltid som ville gitt stjernedryss i Michelin-guiden om feinschmearane hadde kome på å koma umelde til julemessekjøkkenet på Misjen.

Dei som vurderer restaurantar for Michelin-guiden følgjer neppe Bethlehemstjerna

og går nok ikkje på julemesser. Men det gjer folk på Varhaug. Noko av det gildaste med julemessene, i tillegg til festpynta fløytekaker og sjokoladepudding med vaniljesaus, er at taket under kvelvingen på misjonshuset har vore høgare dei helgene julemessene har blitt arrangert. Bygdefolk som elles ikkje har for vane å slite linoleum og stolar på misjonshuset har funne vegen til julemessene. Det er stas og slik det skal vera!

Måtte julemessene på Misjen bli ein møteplass for bygda i dei komande 40 åra. Og måtte kjøtkakene på Sambandet si messe bli ein del av menyen også i framtida. Med ertestuing og gulrøter. Og saus.

Går det an å skriva slikt i eit misjonsblad? Eg tar sjansen: Kjøtkakesausen smakar himmelsk!

FOR BARN

Barnesongar

Kan du desse barnesongane? Dersom ikkje kan du kanskje få ein vaksen til å læra deg dei. Begge songane er skrivne av Anna Jonnassen. Ho døydde for 76 år sidan.

Eg er liten men eg vil

Eg er liten, men eg vil
Alltid høyra Jesus til,
Han som høyrrer meg og ser
Når eg ber.

Jesus du som er så god,
Gav for meg ditt liv og blod,
La meg alltid ha deg kjær.,
Din eg er.

Eg vil gjerne vera snill,
Får det ofte ikkje til.
Når eg synda har mot deg,
Tilgjev meg.

Og når eg eingong blir stor,
Og skal bort frå far og mor,
Vil i dine far eg gå.
Hjelp meg då.

Jesus er kongen min

Jesus er kongen min,
Guds barn eg er,
Og om eg liten er,
har han meg så kjær.
Han tok meg i sin famn,
Døypte meg til sitt namn.
Jesus er kongen min,
Guds barn eg er.

Kven var gift med kven?

Kan du setja strek mellom dei som var mann og kone.


| | |
|----------|----------|
| ADAM | REBEKKA |
| ABRAHAM | MARIA |
| ISAK | ELISABET |
| MOSES | SARA |
| OBED | EVA |
| SAKARIAS | SIPPORA |
| JOSEF | RUT |



Labyrint

Kan du finna vegen til Jesusbarnet i krybba?

Kva for ord får du når du brukar bokstavane du passerte?



Faste arrangement

| Arrangement | Dag | Tidspunkt | Rom | Kontakt | Tlf |
|----------------------------|---------------------------|-----------|---------------------------|-------------------------|----------|
| Åpen Barnehage | Man. + torsdag (skuletid) | 0900-1300 | Matsal | Gerd Ingunn Mattingsdal | 95978084 |
| Homlebølet | tirsdager | 1000-1200 | Matsal | Helene Auestad | 51430060 |
| Speider | onsdager | 1900-2100 | speiderloft og-kjeller | Øystein Varhaug | 97090811 |
| Rover (eldre speidere) | mandag | 1900-2100 | speiderkjeller | Lars Kristian Haaland | 95145516 |
| Åpent hus | fredager | 2000-2330 | ungdomssal | Per-Kristian Skretting | 46891870 |
| Spiren (3-5. klasse) | torsdag, oddetallsuke | 1630-1800 | matsal/kjøkken | Gudrun Ånestad | 51431279 |
| Eldretreff | 1. og 3. Onsdag i mnd | 1400-1600 | matsal | Lars-Jan Nord-Varhaug | 51431002 |
| NMS mannsforening | tirsdag, partallsuke | 1900-2100 | kjellerrom og snekkerbu | Ole Moi | 51432550 |
| Søndagsskolen | søndag | 1030-1100 | møtesal | Margreta Bøe | 51430366 |
| FRES, ten-oppleg | fredag, annenhver | 1900-1930 | ungd.sal, matsal, kjøkken | Guri Sollesnes | 51431268 |
| Ungdomslaget | lørdager, hele året | 2000 | ungd.sal (eller møtesal) | Terje Vik | 91746992 |
| SUNDAG | søndager, oddetallsuke | 1930 | møtesal | | |
| Søndag formiddagsmøte | søndager, partallsuke | 1030-1115 | ungdomssal | formennene | |
| Minikor | Mandager | 1715-1750 | Møtesal | Linda Skr.land Rosnes | 51438675 |
| yngreskor | Mandager | 1815-1915 | møtesal | Monika Nord-Varhaug | 41501636 |
| ungdomskor /band | tirsdager | 1900-2130 | Møtesal | Gerd Håland | 99254852 |
| musikklag | tirsdag, oddetallsuke | 2000-2130 | matsal | Solfrid Skretting | 51430120 |
| Hananja | onsdag, oddetallsuke | 2000-2230 | møtesal/matsal | Njål Omland | 51431057 |
| Lovsanggruppe | Torsdag (hele året) | 1900-2100 | møtesal eller ungd.sal | Gerd Håland | 99254852 |
| SUNDAG lovsangsgruppeøving | Mandag (hele året) | 1915-2100 | møtesal | Bente Aanestad Scheie | 41676727 |

Prislister

| | Kristelege arrangement Eigar-org. | | Anna bruk | |
|---|--------------------------------------|-------|-------------------------------|---------------------------------|
| | (NMS, IMF, NLM, Normisjon) | ANDRE | SELSKAP, GRAVFERD, o.l. | FAGMØTE handelslaget o.l. |
| Innbetalingsgiro vert utlevert på kontoret på misjonshuset | | | | |
| Møtesal | 300 | 400 | 1000 | 1500 |
| Anretnings kjøkken | 300 | 400 | 750 | 900 |
| MATSAL 1) | 250 | 350 | 900 | 1200 |
| Kjøkken 2) | 200 | 400 | 900 | 1200 |
| Ungdomssal | 300 | 400 | 900 | 1200 |
| Tekjøkken (2. etasje) | 100 | 150 | 200 | 200 |
| Bønnerom (2. etasje) 3) | 100 | 150 | 150 | 150 |
| Foreningsrom 4) | 100 | 150 | 150 | 150 |
| Kjellarrom | 100 | 150 | 150 | 150 |

Merknad

- 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
- 2): Ved koking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
- 3): gratis for bønnemøter
- 4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.

Priser for spesielle arrangementer:

Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungd.sal kr. 4500 *)
 " " : bruk av anr.kjøkken og møtesal kr. 3000 *)

Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.

*) : Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.

| | Eigarorg. | Andre |
|--|-----------|-------|
| Møteveke uten fest på søndag | 1000 | 1300 |
| Møteveke med fest på søndag | 1300 | 1800 |
| Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag) | 1500 | ----- |

NYTTÅRSFEST, heile huset kr. 2500 (Ungdomslaget)
 ANNA BRUK AV HUSET Etter avtale.

| Leige av utstyr | Pris | andre tenester | Pris |
|-----------------------------|------------------|-----------------------------|------------------|
| Dukar (lin) | kr. 150. pr stk. | servering ved bryllaup o.a. | kr. 200 pr. time |
| Dukar (teflon) | kr. 100. pr stk. | | |
| Dukar (velour) | kr. 50. pr stk. | | |
| Bord (gamle trebord) | kr. 40. pr stk. | | |
| Stolar (gamle, sete av tre) | kr. 10. pr stk. | | |

I TILLEGG TIL LEIGE AV HUSET KJEM 5% AV ALL OMSETNAD (unnateke inngangspengar)

Merk: høgste beløp som skal betalast som 5% for eit arrangement er kr 6000.

VARHAUG MISJONSHUS

VAKTLISTE 2015-2016

| <u>namn/tlf (varamann i parantes)</u> | <u>Vekenummer og dato</u> | | | | | | | | <u>.</u> |
|--|---------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|----------|
| Glenn Skretting 993 02 566 (<i>Gunhild Lobekk 95861391</i>) | 32 | 40 | 48 | 3 | 11 | 19 | 27 | 35 | |
| | 3/8 | 28/9 | 23/11 | 18/1 | 14/3 | 9/5 | 4/7 | 29/8 | |
| Jarand Scheie 95895664 (<i>Andreas Tysse (91868373)</i>) | 33 | 41 | 49 | 4 | 12 | 20 | 28 | 36 | |
| | 10/8 | 5/10 | 30/11 | 25/1 | 21/3 | 16/5 | 11/7 | 5/9 | |
| Per-Arvid Jakobsen 51430082/92617652 (<i>Håkon Varhaug 90113828</i>) | 34 | 42 | 50 | 5 | 13 | 21 | 29 | 37 | |
| | 17/8 | 12/10 | 7/12 | 1/2 | 28/3 | 23/5 | 18/7 | 12/9 | |
| Johannes Nygård 94845836 (<i>Martin Dyingeland 97055506</i>) | 35 | 43 | 51 | 6 | 14 | 22 | 30 | 38 | |
| | 24/8 | 19/10 | 14/12 | 8/2 | 4/4 | 30/5 | 25/7 | 19/9 | |
| Astrid Varhaug 51430336 (<i>Stig Hobberstad 95772599</i>) | 36 | 44 | 52 | 7 | 15 | 23 | 31 | 39 | |
| | 31/8 | 26/10 | 21/12 | 15/2 | 11/4 | 6/6 | 1/8 | 26/9 | |
| Terje Skretting 900 59 582 (<i>Leif Nord-Varhaug 91192055</i>) | 37 | 45 | 53 | 8 | 16 | 24 | 32 | 40 | |
| | 7/9 | 2/11 | 28/12 | 22/2 | 18/4 | 13/6 | 8/8 | 3/10 | |
| Loyd Aanestad 51432149/91539216 (<i>Kjell Gunnar Arnesen 954865</i>) | 38 | 46 | 1 | 9 | 17 | 25 | 33 | 41 | |
| | 14/9 | 9/11 | 4/1 | 29/2 | 25/4 | 20/6 | 15/8 | 10/10 | |
| Rolf Ueland 97720085 (<i>Ståle Ånestad 94885541</i>) | 39 | 47 | 2 | 10 | 18 | 26 | 34 | 42 | |
| | 21/9 | 16/11 | 11/1 | 7/3 | 2/5 | 27/6 | 22/8 | 17/10 | |

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808. Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100, I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan óg nytte internettsida for å bestille leige, sjå http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

Styret for Misjonshuset.

KULLSYREMASKIN

FRA AGA



KJØP
KAFFIAVTALE
PÅ VÅR
STASJON

KR 199,-



Varhaug Servicenter A/S

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33

Møtekalender for Varhaug Misjonshus 2015/16

status 12/10-2015

| veke | Dato | Arrangør | arrangement | Klokkeslett (tid reservert) | rom |
|-------|----------|-----------------------|---------------------------|-----------------------------|--------------------------------|
| 44 | 28-29/10 | Søndagsskolen | Slushkurs | 1530-1930 | Ungdomssal |
| | 28-31/10 | NMS | møteveke | 1930 | Møtesal. |
| | 31/10 | >>> | Selskap | Hel dag | Matsal + kjøkken |
| | 1/11 | NMS | allehelgenfest | 1800 | Møtesal + matsal/kjøkken |
| 45 | 4/11 | "Vi over 60" | Eldretreff | 1400-1600 | Matsal + Kjøkken |
| | 4-6/11 | Israelsmisjonen | møter | 1800-2100 | Møtesal |
| | 6-7/11 | Normisjon (Vigrestad) | julemesse | | |
| | 8/11 | felles | S U N D A G | 1930 | Møtesal, matsal, kjøkken |
| 46 | 11/11 | Nattverdkomite | nattverdmøte | 1930 | Matsal |
| | 12/11 | NLM | julemessepynting | 1600-2300 | Møtesal, matsal, kjøkken |
| | 13-14/11 | NLM | julemesse | ---- | Møtesal, matsal + kjøkken |
| 47 | 18/11 | "Vi over 60" | Eldretreff | 1400-1600 | Matsal + Kjøkken |
| | 19/11 | NMS | julemessepynting | 1600-2300 | Møtesal, matsal, kjøkken |
| | 20-21/11 | NMS | julemesse | --- | Møtesal, matsal + kjøkken |
| | 21/11 | >>> | øving | 0900-1500 | Ungdomssal |
| | 22/11 | felles | S U N D A G | 1930 | Møtesal |
| 48 | 28/11 | IMF | Bibeltimer | ?? | Matsal+kjøkken |
| | 27+29/11 | IMF | møter | 1930 | Møtesal |
| 49 | 30/11 | NLM | Julekonsert m/Hilde Sveta | 2000? | Møtesal |
| | 2/12 | "Vi over 60" | Eldretreff | 1400-1600 | Matsal + Kjøkken |
| | 2-5/12 | Flymisjonen | møter | 1930 | Møtesal |
| | 6/12 | felles | S U N D A G | 1930 | Møtesal |
| 50 | 7/12 | NLM | Lagskveld | 1800 | Matsal og kjøkken |
| | 9/12 | Nattverdkomite | nattverdmøte | 1930 | Matsal |
| | 13/12 | felles | vi synger jula inn | 1800 | Møtesal + matsal |
| | 13/12 | "Vi over 60" | eldremiddag | 1300 | Matsal og kjøkken |
| 52 | 25/12 | >>> | familieselskap | 1700-2200 | ungdomssal |
| | 26/12 | >>> | familieselskap | 1200-1730 | ungdomssal |
| | 26/12 | UL | 2.dagsfesten | 1900 | Møtesal, matsal+kjøkken |
| | 27/12 | søndagsskolen | juletreffest | 1700 | Møtesal, matsal, kjøkken |
| 53/1 | 31/12 | UL | nyttårsfest | ? | Hele huset |
| 53/15 | 3/1 | felles | S U N D A G | 1930 | Møtesal |
| | 6/1 | "Vi over 60" | Eldretreff | 1400-1600 | Matsal + Kjøkken |
| | 9/1 | Auestadbasar | Basar | 1200 | Møtesal, matsal + kjøkken |
| | 10/1 | felles | S U N D A G | 1930 | Møtesal |
| 2 | 11/1 | NORMISJON | Årsmøte | 1830 | Matsal + kjøkken |
| | 15-16/1 | Hananja | Kor-helg | Hel dag | Matsal, kjøkken |
| | 17/1 | Hananja | Kor-helg, + konsert | Hel dag | Matsal, kjøkken, møtesal |
| 3 | 18/1 | IMF | Årsmøte | 1900 | Matsal + kjøkken |
| | 20/1 | "Vi over 60" | Eldretreff | 1400-1600 | Matsal + Kjøkken |
| | 19-23/1 | NLM | familieMøteveke | 1800 | Møtesal.+matsal.,kjøk. søndag. |

EIK

SENTERET

Vi er der når du trenger oss

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf 982 17 798

Hjemmeside: jts.as

Møtekalender for Varhaug Misjonshus 2016

status 12/10-2015

| | | | | | |
|----|----------|------------------|--------------------------|-----------|-------------------------------|
| | 24/1 | felles | S U N D A G | 1930 | Møtesal |
| 4 | 25/1 | NMS | Årsmøte | 1800 | Matsal + kjøkken |
| | 26/1 | >>> Jubileum | Varhaug Pensjonistlag | 1200--- | Matsal + kjøkken |
| | 29-30/1 | NLM | Kvinnefor. basar | 1900/1200 | Møtesal, matsal og kjøkken |
| 5 | 3/2 | "Vi over 60" | Eldretreff | 1400-1600 | Matsal + Kjøkken |
| | 3-6/2 | IMF | Møteveke | 1930 | Møtesal, |
| | 7/2 | felles | S U N D A G | 1930 | Møtesal |
| 6 | 10-14/2 | Lekmannsmisjonen | Møteveke | 1930 | Møtesal |
| 7 | 15/2 | NLM | Årsmøte | 1900 | Matsal + kjøkken |
| | 17/2 | "Vi over 60" | Eldretreff | 1400-1600 | Matsal + Kjøkken |
| | 19/4 | Samemisjonen | basar | 1900 | Matsal+kjøkken |
| | 21/2 | felles | S U N D A G | 1930 | Møtesal |
| 8 | 23-25/2 | NMS | bibeltimer | 1930 | Møtesal |
| 9 | 29/2 | Felles | kv.for fest | 1900 | Matsal og kjøkken |
| | 2/3 | "Vi over 60" | Eldretreff | 1400-1600 | Matsal + Kjøkken |
| | 1-5/3 | NLM | Møteveke | 1930 | Møtesal |
| | 6/3 | felles | S U N D A G | 1930 | Møtesal |
| 10 | 10/3 | Felles | Misjonshusets Årsmøte | 1900 | Matsal+kjøkken |
| | 10-13/3 | NLM | Møter | 1930 | Møtesal |
| 11 | 16/3 | "Vi over 60" | Eldretreff | 1400-1600 | Matsal + Kjøkken |
| | 25-28/3 | Normisjon | Offerveke | 1930 | Møtesal |
| | 29/3 | Normisjon | palmesøndagsfest | 1900 | Møtesal, matsal + kjøkken |
| 12 | 23/3 | nattverdkomite | nattverdMøte | 1400 | matsal |
| | 25/3 | IMF | LangfredagsMøte | 1930 | Møtesal |
| 13 | 28/3 | NLM | påskedagsMøte | 1830 | Matsal+kjøkken |
| | 29/3-1/4 | UL | «back to basic» | 1900-2200 | Møtesal, matsal, ungd.sal |
| | 2-3/4 | UL | «back to basic» | 1200-2200 | Møtesal, matsal, ungd.sal |
| | 3/4 | felles | S U N D A G | 1930 | Møtesal |
| 14 | 4/4 | Normisjon | Kvinnestevne | 1900 | Møtesal |
| | 6/4 | "Vi over 60" | Eldretreff | 1400-1600 | Matsal + Kjøkken |
| | 7-8/4 | Israelsmisjonen | Møter | 1700-2200 | Møtesal |
| 15 | 14/4 | Spiren | Spirefest | 1730-1900 | møtesal |
| | 17/4 | felles | S U N D A G | 1930 | Møtesal + matsal,kjøk. fredag |
| 16 | 20/4 | "Vi over 60" | Eldretreff | 1400-1600 | Matsal + Kjøkken |
| | 22/4 | NLM | Peru-kveld | 1900 | Møtesal, matsal+kjøkken |
| | 23/4 | >>> | Pynting til Konfirmasjon | Hel dag | Matsal, kjøkken |
| | 24/4 | >>> | konfirmasjon | Hel dag | Matsal + Kjøkken |
| 17 | 29/4 | >>> ? | Pynting til Konfirmasjon | Hel dag | Matsal, kjøkken |
| | 30/4 | >>> ? | Konfirmasjon | Hel dag | Matsal, kjøkken + ungd.sal |
| | 1/5 | >>> ? | Konfirmasjon | Hel dag | Matsal, kjøkken + ungd.sal |
| | 1//5 | felles | S U N D A G | 1930 | Møtesal |





AH Bygg Auestad & Håland AS
Møllev. 12, 4360 Varhaug
Tlf.: 51798579

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER

Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

EL-PROFFEN

Jærentreprenør

Opstadveien 643
Postboks 54 – 4368
VARHAUG
Tlf.: 51798700
post@jerentrepenor.no
Org. nr.: 934279980
www.jerentrepenor.no



Dublandveien 35A
4360 VARHAUG

Tlf.: 51435900
Fax.: 51434369

Epost: post@vph.no
www.vph.no

JÆRBU

GJØDSELPUMPE

Ole G

Nord-Varhaug & Co a-s

Hatleveien 4, 4360 Varhaug
Telefon 51 79 35 50 www.jaerbu.no



Alt i oppmerking av parkeringsplasser

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Telefon: 51430937
Fax: 51433364
Mobil: 90889556

Tid for rehabilitering?

I over 15 år har vi drevet med rehabilitering og nybygg. Ta kontakt og be om pristilbud.

Tlf. 51438006

E-post. post@bm-sl.no



HÅP



TEMA VARHAUG MISJONSHUS 2015

Undertema:

FRIHET

For det skapte vart lagt under forgjengelegdom, ikkje av eigen vilje, men etter hans vilje som gjorde det slik. Likevel var det håp, for òg skapningen sjølv skal bli frigjort frå slaveriet under det forgjengelege og få den fridom som Guds born skal eiga i herlegdomen. Rom 8,20-21

Til fridom har Kristus frigjort oss. Stå difor støtt og lat ikkje nokon tvinga dykk inn att under slaveåket. Gal 5,1

FRELSE

For i håpet er vi frelste. Men eit håp som vi alt ser oppfylt, er ikkje noko håp. Korleis kan nokon håpa på det dei alt ser? Rom 8,24

Kvifor er du sorgtyngd, mi sjel, kvifor er du uroleg? Eg vil venta på Gud! Endå ein gong skal eg prisa han, min frelsar og min Gud. Salme 43,5

Kva håp har den ugudelege av det han har vunne, når Gud gjer ende på livet hans? Job 27,8

FRIMODIGHET

Når vi no har slikt eit håp, går vi frimodig fram. 2 Kor 3,12

I han har vi frimod, og i trua på han kan vi koma fram for Gud med tillit. Ef 3,12

FRED

Men vi ventar i Anden, ved tru, på den rettferda som er vår von. Gal 5,5

Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus. Fil 4,7

Difor er det vi strevar og kjempar. For vi har sett vårt håp til den levande Gud, han som er frelsar for alle menneske, men først og fremst for dei som trur. 1. Tim 4,10

SYMBOL OM HÅP:

Anker; Håpet er et fast haldepunkt

Håpet er lysegrønt; Nytt liv spirer fram om våren

Det er håp i hengande snøre; Mon tru om fisken bit

